

Fra: Nils Arne Ødegård [nilsarne@byggopp.no]
Til: Sissel Brusegård [Sissel.Brusegard@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 07.10.2016 17:34:52
Emne: Re: Innspel til opplæringstilbodet 2017-2018
Vedlegg:

Hei!

Eg har vore ute av drift eitt par dagar, beklager sein tilbakemelding, men var vel klar tale frå Byggopp på møtet på Skei.

Me ynskjer vg1 strukturen som i dag for bygg-og anleggsteknikk dvs
Flora vg 2 klassar
Øyrane vg 5 klassar
Stryn vg 1 klasse, 15 elevar om søkjer grunnlaget er der
Måløy vg 1 klasse
Sogndal vg 5 klassar

Vg2 Byggteknikk
Flora vg skule 1 klasse
Øyrane vg skule 2 klassar
Stryn vg skule 1 klasse
Måløy vg skule 1 klasse
Sogndal vg skule 2 klassar

Vg2 anlegg
Sogndal vg skule 1 klasse
Øyrane vg skule 2 klassar

Vg2 KEM
Sogndal vg skule 1 klasse
Flora vg skule 1 klasse

Er søker grunnlaget der kan vi auke tal Vg2 klassar. I Nordfjord sliter bedriftene og få lærlingar i malarfaget, ventilasjon og Blikkslager samt røyrleggerfaget.
Her kan de vere aktuelt med ein Vg2 veksling slik at vi kan få dekke inn lokalt næringsliv sine behov for faga beskrevet over
Det kan også vere aktuelt for Byggopp og ta inn fleire 1+3 lærlingar i distrikt der vi slit med å få tak i lærlingar.

Sendt fra min iPad

Den 7. okt. 2016 kl. 10.01 skrev Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no<<mailto:Sissel.Brusegard@sfj.no>>>:

Hei
Minner om skrifteleg innspel til opplæringstilbodet.

Med helsing
Sissel Brusegård
teamleiar, opplæringsavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no<<http://www.sfj.no/>> | Sissel.Brusegard@sfj.no<<mailto:Sissel.Brusegard@sfj.no>>
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 40524464



OPPLÆRINGSKONTORET
FOR ANLEGG-
OG BERGFAGENE

Innspel på dimensjonering av skuleåret 2016-2017

Opplæringskontoret for Anlegg og Bergfaga (OKAB) vil oppmode til å oppretthalde dagens skule tilbod på 36 elevar ut frå Vg2 Anleggsteknikk. Vi ser at det er god søknad til Vg2 Anleggsteknikk. Vg2 Anleggsteknikk rekruttera frå Vg1 Bygg og Anlegg og Vg1 TIP som er godt fordelt i fylket.

Anleggsmaskinførarfaget er det største faget, men bedriftene har no etterspurt meir etter Fjell og Bergverk -faget og Vei og Anlegg -faget.

Det er fortsatt stort behov for lærlingar innan for våre fag.

Det er forventa ei fordeling på faga

Anleggsmaskinførarfaget	15 læreplassar
Vei og Anlegg faget	15 læreplassar
Fjell og Bergverk faget	10 læreplassar
Anleggsgartnerfaget	2-3 læreplassar
Anleggsmaskinreperatør	2-3 læreplassar

Helsing

Jan Erik Øygard

OKAB S&F

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/opplæringsavdelinga

Stryn, 7. Oktober 2016

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017 – 2018

Nordfjord opplæringskontor har følgjande innspel for skuleåret 2017 – 2018.

1. Teknikk og industriell produksjon

Vi viser til tidlegare innspel frå næringslivet i Stryn i forhold til skuletilbodet for Teknikk og industriell produksjon. Næringslivet i Stryn innan denne bransjen er i sterk utvikling og vekst. Behovet for nye fagarbeidarar vil vere stort i åra som kjem. Nordfjord opplæringskontor ser difor at det vil vere ei god løysing med ei VG1 klasse innan Teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule for å sikre rekruttering til det lokale næringslivet.

Med vennleg helsing
for Nordfjord opplæringskontor

Tom-Øyvind Solheim
Dagleg leiar

Anita Vinsrygg
Styreleiar

Fra: Anne Kauppi [anne@sognok.no]
Til: Sissel Brusegård [Sissel.Brusegard@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 07.10.2016 10:26:30
Emne: Tilbudsstrukturen skuleåret 2017/2018
Vedlegg: image001.png

Hei,

Takkar for eit godt møte på Skei 29. september.

Som eg sa i møte, så er Sogn Opplæringskontor bekymra for VG2 kjemiprosess – her har me lære plassar, men ikkje nok elevar. Når så i tillegg Statoil tilbyr lærekontrakt til 5 av 8 elevar, så blir det få att for bedriftene i Sogn og Fjordane.

Det at desse elevane får lærekontrakt i Statoil er flott, misforstå meg rett. Det betyr at det er høg kvalitet på elevane våre frå vårt fylke.

Når våre lærebedrifter ikkje får nok lærlingar i kjemiprosessfaget, må dei sjå seg om etter alternativ. For våre medlemsbedrifter har dette ført til færre lærekontraktar i 2016, og litt dreining over mot produksjonsteknikkfaget. Nemner at Sogn Opplæringskontor har 3 godkjente lærebedrifter i kjemiprosessfaget, Hydro Aluminium Årdal, Norsun og Årdal kommune.

Når det gjeld VG3 automasjon, så må fylke opprette 12 nye plassar neste skuleår. Dette slik at dei 12 nye plassane som vart oppretta på VG2 på Eid vgs i inneverande skuleår, får moglegheit til å fullføre utdanninga dei har starta på.

Eg vil likevel driste meg til å sei at alle plassane på VG3 automasjon bør ligge på Årdal vgs (altså 24 plassar). Denne skulen har hatt dette tilbodet sidan skuleåret 1990/1991, har lang røynsle og godt med utstyr som stettar kompetansemåla i læreplanen. Eid vgs vil eg tru må investere i utstyr viss intensjonen er at alle elevane som går VG3 automasjon er ferdig med all teori, og manglar verdiskaping 18 mnd læretid.


Med venleg helsing

Anne Kauppi
Dagleg leiar

Telefon: +47 911 20 643 | E-post: anne@sognok.no

Sogn Opplæringskontor, Farnesvegen 32, 6884 ØVRE ÅRDAL

Postboks 213, 6882 ØVRE ÅRDAL



Fra: Hans Børge Lillehaug [Hans.Borge.Lillehaug@sfi.no]

Til: Sissel Brusegård [Sissel.Brusegard@sfi.no]

Kopi:

Sendt: 07.10.2016 10:09:13

Emne: SV: Innspel til opplæringsstilbødet 2017-2018

Vedlegg:

OKOS vil for skoleåret 2017/2018 be om at opplæringsstilbødet for Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget og Vg2 Helsearbeidarfaget blir vidareført utan endringar.

Hans-Børge Lillehaug

Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane

daglig leder

90 61 79 79

Firdavegen 6 (Concord), Pb.57, 6801 Førde

www.okosweb.net

Fra: Sissel Brusegård

Sendt: 7. oktober 2016 10:01

Emne: Innspel til opplæringsstilbødet 2017-2018

Hei

Minner om skriftleeg innspel til opplæringsstilbødet.

Med helsing

Sissel Brusegård

teamleiar, opplæringsavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfi.no | Sissel.Brusegard@sfi.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 40524464

Fra: Hans Bruland [hansbruland46@gmail.com]

Til: Sissel Brusegård [Sissel.Brusegard@sfj.no]

Kopi:

Sendt: 06.10.2016 15:07:08

Emne: Dimensjonering Elektro

Vedlegg: image003.png

NELFO Sogn og Fjordane ønsker slik dimensjonering av Elektro / Elenergi.
10 Vg1 Elektro: 2 i Sogndal, Førde, Florø og Eid. 1 klasse i Høyanger og Årdal.
6 kl Vg2 Elenergi, Ein på kvar plass; Sogndal, Høyanger, Førde , Florø og Eid, Og den siste klassen i Sunnfjord.

Med venleg helsing

Hans Bruland – fung. Regionsjef – 915 83 161

Sendt fra min mobiltelefon

Postboks 781, 6805 FØRDE

www.nelfo.no

Opplæringskontoret for sess og mekanisk industri

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Studietilbod 2017 – 2018

Som oppfølging av møte med fagopplæringsnemnda 29 september i år sender vi våre innspel i samband med studietilbod 2017 – 2018 .

Generelt vil vi sei at det er viktig at det vert ro over tilbodsstrukturen sånn at vi får bygd opp fagmiljø ved skulane. Samtidig må det være samsvar mellom industrien sitt behov og tilbod om utdanningstilbod.

Vi er naturleg nok bekymra over nedgangen i søkjartala til vg 1 teknikk og industriell produksjon og vg 2 industriteknologi. Sett opp mot behovet for framtidig fagarbeidarar i industri og teknologi bedrifter i fylket vil vi fortsette å intensivere vårt rekrutteringsarbeid opp mot barne og ungdomskulane.

Det vert rekruttert til fleire andre fag gjennom kryssløp frå vg 1 Teknikk og industriell produksjon , t.d. til logistikk, anleggsteknikk m fl. Det er difor viktig at antall klassar vert oppretthalde.

På bakgrunn av dette meiner vi det burde vore 48 plasser på teknikk og industriell produksjon ved Mo og Øyrane vgs.

På vegne av våre medlemsbedrifter i Stryn er vi bekymra for tilgangen på lærlingar til industri og teknologibedriftene i Stryn m omegn. Våre medlemsbedrifter i Stryn og Grodås, Stryvo, NOMEK, Hagen og Ekornes.

Vi meiner det vil være rett å opprette tilbod om vg 1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule frå hausten 2017. Eit slikt tilbod vil rekruttere til vg 2 industriteknologi i Nordfjord og til kryssløp til andre fag som næringslivet har behov for.


Vi har eit miljø som produserer trevarer, møbler, vindu, trapper mm, i fylket vår. Dei fleste av desse bedriftene ligg i Nordfjord. Industrien står samla bak det å ta inn lærlingar frå vg 2 industriell møbelproduksjon fordi det styrker bedriftene å ha fagfolk med fagbrev i industrisnekkerfaget.

Det er difor viktig at det vert oppretthalde ein klasse vg 2 industriell møbelproduksjon ved Eid vgs.

Opplæringskontoret for sess og mekanisk industri

Med bakgrunn i at vi hvert år lyt rekruttere læringar frå Hordaland og Rogaland til kjemi prosess meiner vi framleis at det bør opprettas vg 2 kjemiprosess ved Flora eller Mo og Øyrane vgs.

Med venleg helsing


Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar

0047 57832260 / 0047 91144966

Førde 06.10.2016

jorunn.kirketeig@pro.sf.no

[Følg oss på Facebook!](#)



Fra: Roald Standnes [roald@bok-sfj.no]

Til: Sissel Brusegård [Sissel.Brusegard@sfj.no]

Kopi: Odd Arild Dale (oad@opusas.no) [oad@opusas.no]; Ørjan Solvang (oerjan.solvang@nordfjord.toyota.no) [oerjan.solvang@nordfjord.toyota.no]

Sendt: 05.10.2016 14:49:09

Emne: Innspel til dimensjonering av klassar 2017-2018, BOK

Vedlegg:

Til opplæringsavdelinga

Innspel til dimensjonering av klassar for skuleåret 2017-2018

VG2 køyretøy

Per i dag er det godt samsvar mellom tal læreplassar og elevar som søker mot bilfaga i frå desse tre klasse. Vi ber om at denne dimensjoneringa blir halden fast og at tilbodet fortsatt blir tilgjengeleg i alle tre regionane.

VG2 bilskade, lakk og karosseri

Opplæringskontoret viser til fylkestingsvedtak SAK 26/13 skulebruksplan ...:

-vg2 bilskade, lakk og karosseri vert nytt tilbod ved skulen om fylkesrådmannen finn løysingar saman med næringslivet/bransjen for den praktiske delen av opplæringa. Om ein ikkje får til slike løysingar blir det ikkje tilbod om vg2 bilskade, lakk og karosseri i eige fylke.

Erfaring frå dei siste åra viser at det er utfordrande å få fylt klassen med søkjarar i frå heile fylket. Når tilbodet vart planlagt var tanken at elevane skulle ha praksis nær sin heimstad og bu heime når ein var i praksis, men erfaring så langt er at nær alle elevane kjem i frå Sunnfjord. Dette gjer at i billakkerar- og opprettarverkstadane i Sunnfjord (i praksis Førde og Florø) får svært mange elevar til utplassering. For å lette trykket på desse bedriftene har elevane ein del av praksisen på skulen og i opplæringskontoret sine lokalar, lokala er ikkje dimensjonert for tolv elevar, det er derfor svært krevjande å gje desse elevane god praksisundervisning.

Med bakgrunn i dette ber vi om at det frå hausten 2017 blir lyst ut åtte plassar i bilskade, lakk og karosseri.

VG1 TIP, Stryn

Vi viser til tidlegare innspel i frå Sogn og Fjordane Bilbransjeforeining og Bilbransjens Opplæringskontor der det blir påpeika at rekruttering til bilfaga sviktar når VG1 TIP ikkje er tilstade som eit rekrutteringsverktøy for lokale bedrifter. Vi ber derfor om at ein klasse VG1 TIP blir lagt til Stryn vgs.



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

Kva betydning har ei god transportutdanning for Fylket vårt?

For å kunne utføre det persontransporttilbudet, som det er behov for i Sogn og Fjordane dei neste fem åra, vil det vere behov for 30 – 40 nye sjåførar/lærlingar Pr år.

På lengre sikt vil dette behovet vere betydeleg større. I same periode vil lastebilnæringa likeeins ha behov for omlag det same tal nye sjåførar/lærlingar.

Skal ein ha eit opplæringstilbod for dette faget så er ein nøydd til å vidareføre med tre Vg 2 klassar innan Transport og Logistikk i Sogn og Fjordane. Tilboda bør leggast til Førde, Sogndal og Stryn. Næringa har eit stort behov for lærlingar og tek i mot alle som kvalifiserer seg. Transportutdanninga sin vidare eksistens vil såleis ha stor betydning. Dette gjeld ikkje berre for transportnæringa, men også for heile fylket.

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det også slik at dersom vi ikkje har ei godt utdanningstilbod innan transportfag i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekkja sine nødvendige behov.

Eventuell nedlegging av Transportklassar vil ta ut botnen på opplæringa og svekke næringa endå meir i forhold til rekruttering. På sikt vil det vere med og gjere fylket mindre konkurransedyktig som bu og arbeidsområde. I tillegg vil ei viktig næring kunne få store driftsvanskar då tilgang til sjåførar er avgjerande for drifta.

Det er svært viktig for næringa at det vert ro kring kva tilbod som vert lyst ut.

Skal ein i Sogn og Fjordane satse på ei levedyktig transportnæring også i framtida, så må ein behalde dagens utdanningstilbod med tre klassar.

Førde, 05.10.2016

Med helsing

Opplæringskontoret for Transport og logistikk


Per Andreas Øren

-styreleiar-

Fra: John Ove Grov [john.grov@eninvest.net]
Til: Sissel Brusegård [Sissel.Brusegard@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 10.10.2016 12:56:22
Emne: SV: Innspel til opplæringsstilbødet 2017-2018
Vedlegg: image002.jpg

Hei Sissel

Eg vil jo gjerne ha opp att ein klasse til vg I kokk/matfag på Mo og Øyrane eller er det vel riktig dimensjon.

John Ove Grov

Dagleg leiar

☒ Det er viktig å sikre at informasjonen som er sendt, er sikker og ikke blir utlevert til uvedkommende.

Sogn og Fjordane

Concordbygget
Postboks 719 - 6800 Førde
Mobil +47 90056438
john.grov@eninvest.net
www.okhm-sfj.no

Fra: Sissel Brusegård [mailto:Sissel.Brusegard@sfj.no]
Sendt: 10. oktober 2016 12:40
Til: John Grov <john.grov@eninvest.net>; Bjørn Kvalheim <bjorn@okfh.no>; Petter Arnt Løvdahl <Petter.Lovdahl@sfj.no>
Emne: VS: Innspel til opplæringsstilbødet 2017-2018

Hei